



Harald Dag Jølle skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

FRILUFTSLIV

Utilgjengelegheitspolen

Ytst i EU. I Finlands nordvestlegaste hjørne. Her, som vatnet har lang veg til havet.

TUREN

Me går i laus snø. Han er ofte det i dei finske skogane. Dette er ein skitur gjennom den finske kilen, for å bruke eit historisk namn på området som ligg mellom Sverige og Noreg. Eit omgrep som stammar frå mellomkrigstida, den gongen norske styresmakter frykta at vår nordiske nabo, med det uforståelege språket, ønskte å ekspandere nord til Ishavet.

Eg hadde trudd at ein skitur i Finland var sikksakkgåing mellom norske skuterkøyrarar på harryferie i det skogkledd nabolandet vårt. Men fordomane innfridde ikkje. Her var både luftig og stille. Folketomme dalar og spennande reindriftssamfunn. Me vart òg overraska over at finske Statsskog har eit så flott nettverk av hytter, praktisk innreidde, gjestfritt ulåste og med tørr ved. Perfekt for skiløparar på veg til Noreg. Dei få me treffer med motor mellom beina, lever og bur her. Som reingjetaren i Raittijävi, han som inviterte oss inn på overnatting og



På skitur i Nord-Finland. Lengre ut i den europeiske unionen er det vanskeleg å kome.

serverte koka kjøt og spennande historier frå ein kvardag som er temmeleg ulik vår.

Det er kaldt. Sånn kaldt at det knitrar når du går, og nesten alt rimar. Men det er slik det skal vere her i Sameland, i det blå lyset. Trea byrjar å bli stuttare,

utsynet vidare. Ja, me nærmar oss noko ein kan kalle fjell. Me nærmar oss norskegrensa.

Me klatrar ut av EU, over det høge gjerdet som skil Finland frå Noreg. Eit gjerde som skil reinflokkar. Som skil slekter. Som har skapt mykje historie.

På norsk side har vatnet kortare veg til havet. Men det er framleis langt unna det meste. I alle retningar. Her, frå det inste hjørnet av Reisa nasjonalpark, snublar ikkje folk tilfeldigvis forbi. Og det er milevis til næraste skuterløype. Dei fleste

som kjem, har noko å gjere. Dei har rein å sjå etter.

Me slår opp teltet på ei høgd. Eg blir ståande og sjå austover, bortetter endelause høgdedrag. Det er framleis nokre dagar att til Kautokeino. Ein i turfølgjet kastar ut ein teori. Ein teori om at

SITATET

«Tindesporten kan neppe opnaa almen utbredelse og tindestigerne venter ikke at alle skal forstaa, end mindre sympatisere med den.»

Henning H. Tønsberg, 1914



Olav Bjaaland fotografert med premiesamlinga si i 1958. Han vart den sørpolsfararen frå 1911 som levde lengst.

Olav Bjaaland (1873–1961)

BIOGRAFI

«Kjem eg heilskapen ut av denne færd so fær eg vel sjaa at faa meg vekk fraa polfarten, den lover væl snaut stræve.» Dette noterte morgedølen Olav Bjaaland i dagboka si 19. oktober 1911. Skiløparen og holmenkollvinnaren hadde starta på ferda si til Sørpolen saman med Roald Amundsen. Knappe to månadar seinare nådde dei målet. Då skreiv telen, som ikkje hadde for vane å kaste rundt

seg med store ord: «Her er slet som paa Morgedalskjønne og godt skiføre.»

Bjaaland gjorde som han lova – og slutta med polfarten. Han drog i staden heim til Vest-Telemark og starta skifabrikk. Som eit symboltungt punktum på ein lang karriere i skisportens teikn fekk han tenne OL-elden i Søndre Nordheims gamle stove i Morgedal i 1952.